

## 5. Purisme i færøysk

av  
Helge Sandøy

### *Innhald:*

1. Før det nye skriftmålet
2. V. U. Hammershaimb
3. Første skriftstykk på moderne færøysk
4. Første målreinsaren
5. Seinare ordlagingsarbeid
6. Dei språklige teknikkane
7. Opposisjonen
8. Situasjonen i moderne tale og skrift
9. Framtidsutsikter

### **1. Før det nye skriftmålet**

Færøysk lei same lagnad norsk på slutten av mellomalderen ved at den heimlige skrifttradisjonen blei svekt. Med reformasjonen fekk dansk skriftmål det endelige overtaket. Formelt låg landet under det norske kongeriket også etter reformasjonen, og det låg kyrkjelig og handelsmessig under Bergen fram til 1620. Frå da var København det offentlige sentrumet. Tórshavn fekk latinskole i første halvdel av 1600-talet med danske lærarar, og det hjelpte sjølvstekt dansken enda meir fram.

Siste skriftstykket på norrønt som er skriva på Færøyane, er frå 1479 (Jakobsen 1907: 52). Både det brevet og dei andre skrivne på 1400-talet viser ei nokså stø norrøn språkføring. I ordforrådet viser desse breva slike importord som vi er vane med å finne i dokumentenspråket frå den tida: *kunnigt giorandi, prof, forsøman, erliginh, offur einss* ‘kunngjørande, prov, forsøming, ærlig, overeins’, og noe mindre dokumentprega er nok *armødi, diska, potta* ‘armod, tallerkar, gryter’. Dette er ord som er komne frå lågtysk, unnateke dei to siste som har gammalt latinsk opphav og treng ikkje ha gått vegen via tysk. Dei flesta av orda er importord alt i norrønt, men *forsøman* og *offur einss* finn vi ikkje i *Norrøn ordbok* (Heggstad o.a. 1975).

Vi kan ikkje slutte så sterkt frå desse dokumenta til talmålet, men det

er ikkje urimelig at i alle fall dei mindre dokumentprega orda også var kvardagsord. Enda mindre kan vi sjølvsagt slutte til talemålet frå dokumenta som kjem etterpå, og som er på dansk. Og dermed har vi ikkje gode vitnemål om det færøyske målet før slutten av 1700-talet da Jens Christian Svabo (1746–1824) gjorde oppskriftene sine til ei ordbok. På dei over 300 åra som var gått, hadde dansk komme inn både som bibel- og kyrkjespråk og som lov- og domstolsspråk. Desse to områda var vel dei der skrifta hadde mest betydning for folk. I tillegg kom så handelssambandet, som gjennom denne tida hadde vore drive av både færøyingar, nordmenn, danskar og tyskarar. Dei to siste gruppene hadde vore dei sterkaste, og den munnlege kontakten i samband med handel førte nok òg til ikkje så liten språkpåverknad.

Tilstanden på 1770-talet beskriv J. Chr. Svabo slik:

”Kolonien Sprog har da i en Række af Hundred-Aar været udsat for alle Fornærmelser, og er igjennem Slægternes utroe Hukommelse, radbrækket nedkommet til vore Tider. Det vanslægtter nu gandske fra sin gamle Glands, er beblandet med meget fremmed, ja snart ikke kan kaldes et Sprog meere. Jeg regner ikke det naturlige Fællesskab, der har med gamle nordiske Sprog, som Islandsk, Lappisk eller Engelsk, for en Ufuldkommenhed, men fornemmelig den Tilsatz det har faaet af det Danske. – Det skulde være et, i denne Materie ikke uvigtigt Spørsmal, hvordan man best kunde forbedre dette fordærvede Sprog? Der ere tvende Veye: enten at bringe det til sin forrige Reenhed igien, ved at tilbagekalde alle gamle Ord, og udrydde alle nye ufor nødne; eller efterhaanden at udrydde det gamle fordærvede Sprog, og indføre det Danske. Paa den første Vey vilde man finde store Vanskeligheder. Man maatte gjøre vidtløftige Reiser igiennem hine bedagede Islandske Skindbøger for at oplede disse Flygtninge, og endda kunde man tvile, om Indbyggerne vilde kjendes ved dem, og forundre dem Borger Ræt paa nye. – Derimod at gjøre det Danske til Koloniens Sprog, var langt lættre: Indbyggerne vise stor Lyst dertil; det bruges i Kirkerne, Rætterne og tales endog temmlig got af mange Bønder.” (Svabo 1970: X–XI)

Men trass i desse negative og pessimistiske utsegnene lagar Svabo ei ordbok – for å ta vare på språkminna for ettertida (Svabo 1966). Eit mål for han må det òg ha vore å gjøre forståelig det språket som stod i kvedeoppskriftene hans. Dei representerte jo eit nokså arkaisk språk. Men trass i denne interessa for det arkaiske inneheld ordboka hans 169 dansk-tyske importord. Under bokstaven B finn vi f.eks. *bedraga*, *bedriva*, *bedrøva*, *beganga*, *begynna*, *begrava*, *behaga* osv. på rekkje og rad. (Her er dei skrivne med ortografien frå i dag.) I alt inneheld ordboka 3 ord av *an-*

typen (*annám, annáma*), 33 av *be*-typen, som er nemnt ovafor, 58 med *for*- (f.eks. *forbanna, forbankaður, forblummaður*), 63 med *-heit* (f.eks. *blindheit, evigheit, stoltheit*) og 12 med *-ilsi* (f.eks. *reinsilsi, svímilsi, ørilsilsi*) (Svabo 1966, tala frá Simonsen 2002). I tillegg til desse lettjennelige dansk-tyske orda kjem så den store mengda av andre importord *afdanka, akta, almektigur, alminniligur*. Ordboka er på om lag 29 000 ord, og dei 169 lett synlige importorda utgjør 0,58 %.

## 2. V. U. Hammershaimb

Presten Venceslaus Ulricus Hammershaimb (1819–1909) har fått æra for å ha skapt det nye færøyske språket – i nært samarbeid med filologen C. C. Raffn og den islandske nasjonalhelten Jón Sigurðsson. I 1846 gav han ut ein tekst med ei færøysk rettskriving, og i 1854 kom han med det grammatiske hovudverket sitt: *Færøisk Sproglære* (trykt i *Annaler for nordisk Oldkyndighed og Historie udgivne af Det kongelige nordiske Oldskrift-Selskab*). I dette verket står det ingenting om dei dansk-tyske importorda, men vi ser at han overser dei, både i eksempla sine og i det korte avsnittet om ordlaging (Hammershaimb 1854/1969: 300–305). Der står dei gamle suffiksa nemnt, men ikkje dei importerte, utanom *-elsi*: “*roykelsi, røgelse*” (s. 303). Også tradisjonsstoffet som Hammershaimb trykte, er naturleg nok godt og reint, og han kom lett unna ordproblema.

Det vi kunne kalle samtidstekstar, har han skrive bare to av: “*Hit føroyska Bókafelagið*” i 1900 og “*Samljóð og misljóð*” 1902, og i det siste brukar han både *deigiligt* og *følilsilsi*, så heilt puristisk var han ikkje, men han har nok med vilje brukt *streingileikir* om strengeinstrument etter dansk forbilde. *Tónalagsyrkjari* for ‘komponist’ og *samljóð* for ‘harmoni’ er reine nylagingar. (‘Komponist’ heiter no helst *tónaskald* eller *komponistur*, og *streingjaleikur* betyr i dag ‘konsert med strengeinstrument’.)

### 3. “Nå er tida kommen”

Det tok tid etter at grammatikken kom i 1854, før det færøyske skriftmålet blei tatt i bruk utanom i kvede- og tradisjonsstoff. Men det var stillstand også i færøysk politikk. Først vakna nasjonalinteresse blant studentane i København som skipa Føroyingafelagið i 1881. Og heime på Færøyane kom vendinga med eit møte i jula 1888, eit møte som er blitt reint symbolsk i færøysk historie og omtalt som *jólafundurin*. Her var det semje om å arbeide både for større sjølvstyre og for færøysk språk og kultur. Ein sentral kulturperson, Rasmus Effersø (1857–1916) las opp diktet “Málstræv” av den personen som seinare kom til å bli sterkaste forkjemparen for sjølvstyre, Jóannes Patursson (1866–1946)<sup>1</sup>:

1. Nú er tann stundin komin til handa  
á hesum landi  
at vit skulu taka lógvatak saman  
máli til frama.

2. Illa er nú við Føroya máli vorðið,  
annaðhvørt orðið  
ið nú berst á munninum av køllum og kvinnum,  
í útlenskum rennur.

6. Latum tað kennast á okkara talu  
sum sól eftir æli,  
at burtur er rikin tann fremmandi arvi,  
lat tað vera starvið!

Nå kom ei politisk vakning, og det blei viktig å bruke skriftspråket meir aktivt om samtidsemne. Avisa *Føroyingatiðindi* blei skipa i 1890 nettopp med det formålet. I første nummeret står det om det politiske målet, men ikkje meir enn indirekte – men klårt nok – om holdninga til ordforrådet:

---

<sup>1</sup> I prosaomsetting: 1: Nå er den tida kommen/ i dette landet/ at vi skal ta hendene saman/ til innsats for språket. 2: Ille er det no blitt med det færøyske språket/ annakvart ordet/ som kjem på munnen åt karar og kvinner/ er på utalandsk. 6: La det kjennas i talen vår/ som sol etter regnvêr/ at det fremmende ugraset er bortdrive/ la det vere arbeidet!

”Kan ikkje færøyingane elske og ære sitt eige morsmål slik at dei ikkje får det vaska bort og blanda med utalandske ord, og samtidig ære og lære det danske? – Er det så svært nødvendig å drepe det færøyske og gjøre det til eit anna språk som ikkje er færøysk [...] Var det ikkje ønskjelig at alle færøyingar kunne vere så frie i ånda at kvar og ein så noenlunde kunne hjelpt seg med sine eigne tankar og sine eigne ord utan å låne språk frå andre, slik papegøyene gjør?”<sup>1</sup> (*Føringatíðindi* jan. 1890 s. 2)

(Vi kan legge merke til at det i det unge målet lett kjem inn eit dansk ord av og til: Her stor f.eks. *tillíka*, som knapt har funnes i færøysk dagligtale.)

#### 4. Første målreinsaren

Jakob Jakobsen (1864–1918) var første færøyske språkvetaren og hadde doktorgrad frå København. Han var verksam nettopp da skriftspråket blei virkelig tatt i bruk, dvs. frå om lag 1890. Han engasjerte seg både som hjelpesmann ved nyutgivinga av verka åt Hammershaimb og med å lage framlegg til ny rettskriving. (Det siste var nokså mislykka!) Først på 1890-talet kom han med noen få nyord, f.eks. *søvusmijor* (som etter Hammershaimbs rettskriving og i moderne rettskriving må skrivas *søgusmiður*) for ‘forfattar’. (Det er seinare erstatta av *høvundur*.) (Larsen 1993.) Men så tidlig var han ein moderat språkreinsar.

Kring 1890 gav han uttrykk for at ein skulle legge vekt på å bruke færøyske ord for alle dei utalandske som trengde seg på. Der det fans eit levande færøysk ord, burde ein helst bruke det i staden for importordet. Men han understreka at ein skulle vere varsam med å erstatte innkomne ord som hadde slått fullstendig gjennom i færøysk slik at det ikkje levde noe alternativt heimlig arveord lenger:

”[S]kulde Kampen gjælde ogsaa disse Fremmedords Udjagelse, saa maatte vi jo adk u n s t i g Vej faa færøske til at erstatte dem, altsaa paa en Maade n y d a n n e Sproget”. (Jakobsen 1889/1957: 25.)

Jakob Jakobsen brukte sjølv ein del importerte ord i denne tida, som

---

<sup>1</sup> ”Kunnu Føringar ikki elska og æra sítt egið móðurmál, so at teir ikki vilja hava tað burtur tvatlað og blandað við útlendskum orðum, og tillíka æra og læra tað Danska? – Er tað so sterkt fyrri neyðini at drepa tað Føroyska og gera tað til eitt mál, sum ikki er Føroyskt [...] Var tað ikki eftir ynskjandi, um allir Føroyingar kundu verið so fríir í sinni, at ein og hvør so dánt kundi hjálpt sær við sínum egni tánkum og sínum egni orðum, uttan at lána mál frá øðrum, sum papagoyan?”

*verðinshistória, nasjón og navigasjón* (Larsen 1998). I ordsamlinga til *Færøsk Anthologi* (Jakobsen 1891) har han med ein del dansk-tyske importord, men klårt færre enn dei f.eks. Svabo hadde med. Her står 2 ord på *an-*, (f.eks. *anfall*), 7 på *be-* (f.eks. *betýða*), ingen på *er-*, 14 på *for-*, ingen på *ge-*, ingen på *-heit*, og 1 på *-ilsi* (*øriksi*) (Simonsen 2002). Det blir 24 ord av sirka 8300 i alt i samlinga, altså 0,29 %. Og vi kan legge merke til at han egentlig frårår å bruke somme av orda, for ved somme ord står det som ved *begynnilsi*: “Rettere u p p h a v”, og andre gonger står heile oppslaget i klammer, og det kjem ein normativ omtale: “[**behaga** ... Hedder på ret færøsk d á m a eller l í k j a s t á.]”

På slutten av 1890-talet blir derimot engasjementet i språkreinsinga større. Det som har påverka han, meiner Kaj Larsen, er studiane av norn på Shetland i 1893–95, som gjorde Jakobsen redd for at færøysken kunne komme til å li same skjebne. Dessutan såg han at dei som skreiv i *Føringatíðindi*, streva med dei utalandske orda og laga ofte tunge omskrivingar. Noko kan det også ha hatt å seie at det i 1896 kom ei *Ny dönsk orðabók með íslenzkum þýðingum* av Jónas Jónasson, som tok med svært mange nyord i islandsk. Det var til inspirasjon.

Frå 1898 var Jakobsen ansvarlig for den årlige utgåva av den færøyske almanakken, og der skreiv han sjølv artiklar om ymse emne. Desse artiklane gav han høve til å presentere nylaga ord. Han følgde same kursen også da han skreiv føreordet til *Diplomatarium Færoense. Føroyskt Fodnbrævasavn* (1907) og særlig *Poul Nosøe. Lívssøga og irkingar* (1908–12). Her slapp ikkje mange importord igjennom, og han viste skaparevna si. Her heiter f.eks. diplomatarium altså *fornbrævasavn* (i Jakobsens rettskriving altså *fodn-*), og annalar er omtalt som *ársbøkur*. Andre aktuelle ord frå 1907 er *bókasavn* (bibliotek), *ljósprenting* (fototypi), *nasaljóð* (nasal), *ognarfall* (genitiv), *sjávljóð* (vokal), *skjalasavn* (arkiv), *tvíljóð* (diftong), *útførsla* (eksport), *ferðakostnaður* (reiseutgifter) og *einrøða* (monolog). (Larsen 1993.)

Desse orda er omsettingar, og dansk er nok ofte utgangspunktet, men òg gresk og latin. Sjølv om nyorda er omsettingar, er ikkje forma sjølv sagt, for ein må jo velje mellom synonyme ord når ein skal finne ledd til saman- setningane, slik at det krevs eit visst handlag for å få til gode produkt som

brukarane likar. Han sa sjølv at ein må “være Mester i Kunsten, og selv da løber man den Risiko, at ens Produkter blive udléte” (etter Larsen 1993: 13). Kanskje er *útførsla* nokså sjølvsagt når ein først hadde *udførsel* på dansk. Men *framflutningur* for da. ‘forfremmelse’ og *ljósprenting* for ‘fototypi’ er ikkje så sjølvsagt, heller ikkje *tíggjuskiftingarlag* for titalssystem eller da. ‘tidelingssystem’.

Mindre opplagt er *blóðvitnismaður* ‘blodvitne, martyr’, *fagrar bóka-mentir* ‘skjønnlitteratur’, *fjarstøða* ‘avstand’ og *heilsuvitnispappír* da. ‘sundhedsattest’. Sjølvstendige skildringar finn vi i *villingarsjón* for ‘illusjon’ og *vørugreiðsla* for ‘ekspedisjon’, *lærdur háskúli* for ‘universitet’, *sprengikúla* for ‘bombe’, *eygnaglós* for briller, *leiðarbræv* for pass, *siglingarfrøði* for ‘navigasjon’, *skaðatrygging* ‘assuranse’ og *úrdráttur* ‘produkt’.

Dristigast er tilfella der han tar tradisjonelle færøyske ord i bruk i ei ny eller utvida betydning for å dekke innhaldet i importordet. Jakobsen tok i bruk *básur* for avdeling på ei utstilling i tillegg til bås i fjøsen. Og *deild* betydde før eit ‘jordstykke’; Jakobsen lét det også bety avdeling i bok og på ein institusjon. Ordet *dýrd* blei brukt om svært fint vêr, men Jakobsen våga seg til å bruke det i religiøs betydning, som i *Kristi dýrd* (= Kristi ære). I almanakken trong Jakobsen å skrive om banane som stjernene gjekk i, og da flytta han det heimlige *rás* om ‘opptrakka veg/sti’ over i astronomien. Seinare er ordet òg komme i bruk om ‘radio- og fjernsynskanal’. Ordet *stíg* ‘steg’ tok han i bruk om ‘grad’ i samband med astronomi og navigasjon. Og endelig lét han *klombrur* i betydninga ‘klemmer’ også få stå for ‘klammeparentes’.

Som tidligare nemnt blei nok Jakobsen inspirert av den dansk-islandske ordboka frå 1896; der finn ein mange av orda i lik eller liknande form. (Men på hi sida er jo dei islandske orda òg ofte inspirerte frå dansk eller tysk, så det endelige opphavet er ikkje lett å stadfeste alltid.) Tydelig islandske er *bókamentir* ‘litteratur’ (seinare i færøysk *bókmentir*), *fyrmynd* ‘forbilde’, *halastjørna* ‘komet’, *innsigli* ‘forsegling’, *landbúnaður* ‘jordbruk’, *siðamening* ‘kultur’, *sjónarmið* ‘synsmåte’, *sjónarringur* ‘horisont’, *skjalasavn* ‘arkiv’, *varðhald* ‘vakt’. Bare delvis inspirert er *skaðatrygging* ‘assuranse’ (isl. *votrygging*), *skráskrift* ‘kursiv’ (isl.

*skáletur*), *stjørnumerki* ‘stjernebilde’, *trúboðari* ‘misjonær’, *trúbótin* ‘reformasjonen’. Frå norsk har han henta *málføri* ‘dialekt’.

Dei fleste nyorda frå Jakobsen var sådd på steingrunn, som vanligast er, og dei har nå gått i glømmeboka. Ofte har andre nyord komme i staden. Viktigare enn dei konkrete orda er, meiner Kaj Larsen (1993), den retninga Jakobsen peika ut med arbeidet sitt. Han kom til å inspirere etterfølgjarane, f.eks. Christian Matras.

## 5. Seinare ordlagingsarbeid

Professor Christian Matras (1900–1988) var den færøyske språkvetaren som tok over leiarposisjonen etter Jakobsen, som døydde nokså ung i 1918. Matras heldt til i København stordelen av yrkeslivet sitt, men kom til Tórshavn i professorat ved det nyskipa Fróðskaparsetur Føroya i 1965.

Matras utførte eit allsidig livsverk, m.a. var han og bibliotekaren Mads A. Jacobsen (1891–1944) hovudredaktørar for *Føroysk–donsk orðabók*, som kom første gong ut i 1927–28 og fekk svært mye å seie. Ho kom ut i ny og utvida utgåve i 1961 og var viktigaste ordboka for færøyingane fram til den såkalla morsmålsordboka kom i 1998. I *Føroysk–donsk orðabók* kunne sjølvst Matras drive nyordsarbeid, og han sette inn f.eks. *ravmagn* og *menning* for ‘elektrisitet’ og ‘utvikling’. Når orda ikkje har grunnlag i talen, står det i 1961-utgåva gjerne *lit* (= litterært) bak dei.

Ordboka tar inn noen ord med *-ilsi*, *an-* og *for-*, men ingen med *be-* og *-heit*. (Men dei to siste typene kom litt med i utgåva frå 1961; der blir slike ord til vanlig merkt med “talesproglig”.)

I *Varðin* for 1929 trykte Matras det som kan seias å vere programmet hans for språkrøkta – rettnok litt vagt – nemlig artikkelen “Hin føroyski málsurningurin og støða hans í norrønum nýreisingarverki”. Under overskrifta “Nýggjyrði” omtalar han “den rette nyreisinga som har til formål å utvide rammene for færøysk språk på norrønt grunnlag, å gjøre færøysk til ein reiskap for heimlige og allmenne tankar”<sup>1</sup> (s. 57).

Elles uttrykker Matras ein viss skepsis til å bruke islandsk for mye

---

<sup>1</sup> ”tann rætta nýreisingin, sum hevur til endamáls at víðka um ræurnar fyri føroyskum máli á norrønari grund, at gera Føroyskt til eit amboð fyri heimligum og almennum hugsanum”



som forbilde:

“Elles har færøyingane lært svært mye av islendingane når det gjeld nyord. Ofte for mye ettersom vi tok opp islandske ord som ikkje høvde inn i færøysk. Sjølv om ord fins i den gamle litteraturen, er det usikkert om dei passar inn i færøysk i dag. Her blir det dessverre for ofte synda hos færøyingane.”<sup>1</sup> (S. 57.)

Kor vanskelig denne balansegangen er, kan vi sjå m.a. av at Matras sjølv i same artikkelen s. 48 innfører det islandske nyordet *stjórnámál* – med ein forklarande parentes bak: “í stjórnámálum (politikki)”. Dette ordet er knapt brukt i kvardagsfærøysk i dag, *politikkur* er fullt ut akseptert i normalstilen. Det blei altså ein mislykka islandisme.

Drøftinga av nyordspolitikken begynner Matras med å sitere diktet “Nú er tann stundin komin til handa” av Jóhannes Patursson frá 1888. I diktet brukar Patursson ordet *stinni* for ‘makt, kraft’: “frá hjartanum sama blóð streymar við stinni sum í Noregi á sinni”. *Stinni* er eit substantiv som elles ikkje fanst, men derimot hadde ein adjektivet *stinnur* om ‘sterk, fast’. Dette nyordet får dermed også symbolsk kraft i framstilling åt Matras, og han reknar dette som opphavet for gjenreisninga av språket.

Av nyord som Matras har “på samvettet”, er *evnisbundin* ‘materiell’, *ígerð* ‘infeksjon’, *gagnnýta* ‘utnytte’, *yrkisgagn* ‘organ’, *sannkenning* ‘erkjenning, sannkjenning’, *sjóbúnaður* ‘havbruk’, *skilmarking* ‘definisjon’, *algilding* ‘generalisering’ (Poulsen 1991: 11–12).

Fleire færøyingar som var i “útiseti” (utlegd) i Danmark under siste verdskrigen, blei opptatt av færøysk kultur og språk, likeins som studentane i København på 1870-talet blei gripne av ei typisk diaspora-ånd (Jacobsen 2004). Rett etter andre verdskrigen (1950-57) dreiv dei eigen radio, som blei forløpar for Útvarp Føroya (grunnlagt 1957), og under krigen gav dei ut fleire blad. Fleire av dei som reiste heim etter krigen, blei aktive språk-reinsarar, og språkpolitikken fekk ny framdrift. Av dei var f.eks. Sigurður Joensen, som gav ut ei juridisk ordliste, og rikslegen Hans Debes Joensen, som i 1969 gav ut ei lærebok på sirka 600 sider i fysikk, *Alisfrøði*, som

---

<sup>1</sup> “Annars hava Føroyingar nýggjyrðum viðvíkjandi lært óføra nógv av Íslendingum. Ofta ov nógv, við tað at vit tóku upp íslensk orð, sum vóru óhóskandi. Tó at orð finnast í tí gamla bókheiminum, er tað óvist, tey hóska til Føroyskt nú. Her er tíverri ov ofta syndað av Føroyingum.”

kanskje er den publikasjonen som har gått mest systematisk i puristisk retning. (Dette var ei meir allmenn lærebok som ikkje var tiltenkt noe spesielt skoleslag; å presentere fysikk på færøysk var nettopp eitt av formåla.) Også andre har laga fagordlister. (Poulsen 1991: 50, Brunstad 2001: 257f.)

Den første dansk-færøysk ordboka kom første gong i 1967 utgitt av folkehøgskolestyraren Jóhannes av Skarði (1911–1999). Boka er strengt puristisk, og forfattaren har skapt ei mengd færøyske avløyssarord, slik at den som legg vekt på å skrive ein pur og rein færøysk, bør bruke denne boka. “Óføroysk orð” ville forfattaren ikkje ta med (jf. føreordet s. IX). Denne ordboka og *Føroysk-donsk orðabók* har i stor grad vore retningsgivande for kva som er blitt rekna som mønstergyldig færøysk.

Den som mest har fått prege det moderne språket, er tvillaust professor Jóhan Hendrik Winther Poulsen (f. 1934), som arbeidde ved Fróðskaparsetur Føroya som leksikograf frå 1968 til 1997. Han laga eit tilleggsbind til ordboka åt Jacobsen & Matras (Poulsen 1974), og han var hovudredaktør for den første færøysk-færøyske ordboka, *Føroysk orðabók* (Poulsen o.a. 1998). Han har verka i ei tid der det færøyske samfunnet blei svært mye utbygd på alle område. Det færøyske språket er blitt sjølvsgatt som hovudspråk i samfunnet på ein heilt ny måte i andre halvdel av 1900-talet, og dermed blei det stor etterspørsel etter ord. Poulsen har fått ei mengd førespurnadar om gode færøyske ord, og han utvikla ei evne og kjensle for ordlaging som er blitt legendarisk.

Vi kan illustrere dette med denne historia frå *Dimmalætting/Skái* 22.3.03 s. 1 der sportsreporteren Árne Dahl fortel om da han i 1975 skulle vere med det færøyske volleyball-landslaget til Island. Dette var første gongen dei for dit, og dei visste at islendingane kalla denne sporten for *blak*, og dei syntes det var fattigslig å komme til Island og sjølve bare bruke det engelske namnet ‘volleybóltur’. Dei tok derfor kontakt med Jóhan Hendrik W. Poulsen, som kom med idéen om *flogbóltur*, som bygde på at ‘volley’ kom av *volare*, som betyr ‘flyge’ på latin. Ordet vann straks fagnad i landslaget, og sia har det vore det vanlige ordet i færøysk.

Poulsen har laga fagordlister med ei mengd terminologi, men viktigast og mest særmerkt er det at han har laga ord som er gått raskt inn i dagligspråket. Mest kjent er kanskje ordet *telda* ‘datamaskin’, som nokså

raskt blei einerådande i kvardagsfærøysk. Første stadiet er ordet *teld*, som tar utgangspunkt i substantivet *tal*, som så har fått suffikset *d* lagt til saman med i-omlyd, dvs. etter det gamle ordlagingsmønsteret som vi har i ord av typen *tyngd* av *tung*. Det sterke hokjønnsordet *teld* betyr så ‘databehandling’. Ettersom han òg er klar over at ein må utnytte alle assosiasjonar skal ein få innarbeidd eit ord, har han også føydd til at dei som ønskjer det, kan få sjå på ordet *teld* som eit akronym for “*Tøkni til elektróniska dátuviðgerð*” (= ‘Teknologi til elektronisk databehandling’). (Poulsen i avisartikkel 1985, trykt i Davidsen & Mikkelsen 1993: 29–34.)

Mange reiskapar er svake hokjønnsord, som f.eks. *kirna*. Det fekk Poulsen til å utvide ordet til *telda* i betydninga ‘datamaskin’. Dermed har han tatt i bruk både den utdauda i-omlyden og det utdauda suffikset *-d*. Det er blitt reist skepsis til for stor bruk av slikt (Petersen 1993), men det er eit faktum uansett at dette ordet har fungert perfekt i samtidsfærøysk, og det kan gi klåre assosiasjonar til språkbrukarane i dag. Dessutan er det eit velsigna kort ord. Ordet blei nemnt på eit møte med journalistar og språknemnda i april 1984 (Poulsen 1985). Det kom nokre protestar i avisene, men det blei allment godkjent på få år.

Ein skal heller ikkje sjå bort frå at det er ein fordel at dette heimlege nyordet er eit anna enn det islandske, altså *tölva*, for ordimport frå islandsk er mange negative til. (Ofte er rettnok kritikken mot islandske ord utan grunn, for det som somme færøyingar oppfattar som islandsk, kan samtidig vere eit gammalt færøysk ord.)

Av dei mange hundre orda som Poulsen har “funne på”, kan vi nemne noen fleire som har slått igjennom: *fløga* ‘CD’, *gegni* ‘habilitet’, *gegnigur* ‘habil’, *hugburður* ‘holdning’, *samgildur* ‘analog’, *talgildur* ‘digital’ og *tyrla* ‘helikopter’.

Språkpolitisk har Poulsen vore svært markert, og færøyingane har slettes ikkje slutta mannjamt opp om den strenge språkreinsinga. Derfor har han måtta tole ein del kritikk og mang ein støyt. Under ein stor strid om purismen midt på 1990-talet i samband med ei nyutgåve av *Donsk-føroysk orðabók* (Petersen 1995) uttalte Poulsen at språket ikkje skal vere ein ‘sjølvbeteningsdisk’ (*Dimmalætting* 5.1.96). Med redaksjonsprinsippa i den nye ordboka gir ein ifrå seg mye av styringa over språket, meinte han.

Poulsen ønskjer sjølv å markere tydelig kva som er godt språk, for det er både mulig og ønskelig å styre språkutviklinga. Han fortalte i same artikkelen òg at den kommande morsmålsordboka skulle ta inn ein del importord som nå er rotfesta i færøysk talemål.

*Føroysk orðabók* kom altså tre år etter. Ei oppteljing viser at det blant dei heile 65 700 orda som boka omfattar, fins nokså lite av slike dansk-tyske importord som er av den såkalla anbeheitelse-typen: 3 på *an-*, 12 på *be-*, 0 på *er-*, 96 på *for-*, 3 på *ge-*, 20 på *-arí*, 24 på *-heit* og 85 på *-ilsi* (Simonsen 2002: 88). Det blir i alt 243 ord og 0,37 % av det samla ordtalet i boka. Ved 56 av desse orda er det tilføydd *tlm* (=“talað mál”). For orda med *be-* står det dessutan ein oppsamlingsartikkel. Orda på *-ilsi* har ofte fått tilsvar på *-ing*, slik at f.eks. *játtilsi* står rett over *játting*, og begge blir forklart med *játtan*. I andre tilfelle kan det ikkje gjørast slik pga. at *ing*-ordet alt fins i anna betydning. Såleis må det skiljast mellom *líknilsi* og *líkning* (Hansen o.fl. 2003: 173); begge orda står i *Føroysk orðabók*, og det første gjeld i bibelsk betydning. Både *hendilsi* og *hending* er ført opp, det første med merket *tlm*. I dette tilfellet har *hending* tatt over i talemålet som normalord; *hendilsi*, som Svabo hadde med i si ordbok, er blitt sjeldsynt i talemålet. Ein del internasjonale ord står også i boka: *teori*, *filosofi* osv., men her òg er sterke avgrensingar.

Føroysk málnevnd blei skipa i 1985. Det er ei offentlig språknemnd, og ho tok over for den private *Málstovnur Føroya*, som var oppretta i 1958. Her var Jóhan Hendrik W. Poulsen lenge formann (1985–1997), og mye av arbeidet åt språknemnda var å arbeide for å spreie avløyssarord. (Jamfør elles Brunstad 2001: 274ff.)

Som vitnemål om den færøyske språkreinsingsinteressa bør det også nemnas at ein ikkje fagmann, læraren Jógvan við Ánna, har laga ei ordbok i fire band, *Føroysk málsþilla og málrøkt. Óføroysk–føroysk orðabók* (1961–77). Det er ein imponerande innsats, men boka har neppe hatt stor språklig innverknad. (Forbildet var Knud Knudsens *Unorsk og norsk, eller Fremmedords Avløssning* (1881), og boka åt Jógvan við Ánna har nok fått same skjebne som idealet.) Ein annan ufaglært er Henning Thomsen, som har laga ei stor færøysk synonymordbok, *Føroysk samheitaorðabók* (2000), og her er også ei tydelig puristisk “drivkraft” bak.

## 6. Dei språklige teknikkane

Dei aktuelle språklige teknikkane ein kan bruke år ein lagar nyord, kan vi stille opp i seks punkt:

- a) ein omset eit utalandsk samansett ord ved å lage ei tilsvarande heimlig samansetning ledd for ledd: *volley-ball* – *flogbólturn*,
- b) ein byter ut ein utalandsk ordstamme med ei heimlig samansetning, dvs. at ein i praksis beskriv omgrepet utan å lage ei tydelig omsetting: *holdning* – *hugburður*, *digital* – *talgildur*, *analog* – *samgildur*,
- c) ein erstattar det utalandske ordet med eit eksisterande heimlig ord, som dermed får tillagt ei ny betydning: *rás*, *fløga*, *bingja* ‘konteinar’, *tyrla* ‘helikopter’,
- d) ein erstattar det utalandske ordet med eit utdauda arveord, som dermed får ny betydning: *lígga* ‘lease’ (i eldre mål ‘låne bort’),
- e) ein lagar ein heilt ny heimlig ordstamme (inkl. avleiingar) med dei morfologiske muligheitene som grammatikken “byr på”: *telda*, og
- f) ein tilpassar det utalandske ordet til den heimlige språkstrukturen: *trolari*, *súkkla* (jf. eng. *trawler* og da. *cykel*).

Det siste punktet gjeld òg nyord, men her er det ikkje tale om avløyssarord, for her godtar ein i praksis det ordet som det kunne ha vore aktuelt å finne ein avløyssar for.

Importord som er blitt tilmåta den heimlige strukturen, blir gjerne ikkje framheva så sterkt i det språkhistoriske og puristiske medvettet. I færøysk har det vore ein svært sterk tradisjon for å skrive importord på same måten som i dansk. Typisk nok skriv ein derfor *natión*, *diskussión* osv., dvs. med ulik bokstavering der uttalen er *sj*. Eit allment unntak frå dette gjeld ord som krev dobbelskriven konsonant for å markere kort vokal i trykkstavinga, f.eks. *billett* og *matematikk* for da. *billet*, *matematik*.

Jakob Jakobsen hadde tilløp til nokre nasjonale skrivemåtar før han la seg heilt og fullt etter å lage nyord, f.eks. skreiv han som nemnt ovafor *nasjón*, *verðinshistória* og *navigasjón* kring 1890 (Larsen 1998). For lang tid sia er desse tilpassa færøysk ortografi: *trol*, *veirur*, *skeilett*, *breitil* (eng.

bridle), *keys* (eng. casing), *tóv* (eng. tow). Seinare har færøysk utan problem tatt opp dei engelske orda *filmur*, *smartur*, *spurta*, *hobby*.

Ord som i talemålet endar på *-sjón*, har vore litt ulikt behandla i færøysk. *Donsk-føroysk orðabók* (Petersen & Staksberg 1995) har 103 slike ord, og dei er skrivne med *-tión*. Ei dansk-færøysk ordbok som kom tre år etter (Skála 1998), har begge skrivemåtane, men mest *-sjón*. I *Føroysk orðabók* fins bare desse fire: *auktión*, *funktión*, *konfirmatión*, *pensión* (det siste med *-sion* på dansk). Den siste ordboka har elles ein god del andre tilpassingar: *gir*, *vesi* (= WC), *greypfrukt*, *bakkur* (i fotball), *djassur*, *djús*, *kips* (= chips), *nailon*, *treylari* o.fl. (Hansen 2003: 175). Elles er det nok *Donsk-føroysk orðabók* frå 1995 som går lengst i å nasjonalisere skrivemåten, for her finn vi også *tineygjari* (< teenager), *beykon* (< bacon), *kovboy*, *sjalu* (< da. og fransk jaloux), *desain* (< design), *nivo* osv. Det blei reagert på nokre av desse skrivemåtane da boka kom ut, men slike skrivemåtar møter ein likevel ofte i skrift.

I færøysk er altså alle teknikkane brukt. Å bruke c), d) og e) krev størst djervskap, men så kan slike ord på hi sida gjøre enda større suksessar. Det er mest særmerkt for Poulsen er at han vågar seg til å lage nye heimlige ordstammar eller utvide betydninga i gamle ord.

Når ein lagar eller “reparerer” ord elles, er det tradisjonelle å bruke suffikslagingar, særlig for abstrakte ord. Her har det f.eks. vore svært vanlig å byte ut da. *-hed* med *-leiki*, slik at da. *sandhed* svarar til *sannleiki*, og slik får ein òg *-ligleiki* for da. *-lighed*, altså *óforgeingiligleiki* da. ‘uforgengelighed’. Dette gjeld òg for sær færøyske ord med *-heit*; f.eks. er *ússaligleiki* (da. ‘gebrækkelighed’) skriftmålsordet for det som i talemålet heiter *ússaligheit*.

Når ein lagar avløyсарord, må ein ha kjensle for meir enn det språkstrukturelle vi har omtalt i dei seks punkta ovafor. Eit språkteknisk knep som både Matras og Poulsen har vore medvitne om, er å la avløyсарordet begynne med same bokstav(ane) som det ordet det skal erstatte. Vi kan kalle det eit assosiasjonsteknisk knep, og eksempel på det er *sterva*, *mýl* og *pallborð* for ‘sterilisere, molekyl’ og ‘panel’. Slikt kan vere til støtte i første innføringsfasen.

Når ein skal finne tilfang å bruke om att, bør ein hente det frå ord som ikkje er for sentrale i ordforrådet. Det gjorde Poulsen med f.eks. *bingja*, som var ei dialektform for ordet 'kornbing', som ikkje er så aktuelt i moderne språkbruk lenger. (Jamfør Brunstad 2002: 278.)

Med tanke på å få gjennomslag for avløyserorda er det ein strategisk forskjell på 1) om orda ein lagar, står for nye omgrep, eller 2) om dei er meint å skulle komme i staden for alt innarbeidde importord i språket.

For nye omgrep og varer har mange avløyserord vunne fort fram i færøysk, også i allmennspråket. Her treng dei ikkje å konkurrere med ord som folk har utvikla kjensleband, identitet og noen assosiasjonsrikdom til. Også det utalandske ordet er jo nytt, og da er folk opnare for å bruke dei orda som verkar sær færøyske. Vi har nemnt *telda* som ein suksess. I slike tilfelle blir det ikkje oppfatta som noen tilgjørsle å ta opp det færøyske ordet.

Orda *útvarp* og *sjónvarp* er inspirert frå islandsk, men dei høver like godt inn i færøysk språk. Dei er blitt akseptert, sjølv om *radio* og *fjernsýn* òg kan hørast. Her kan det bety noe at desse termane er blitt institusjonalisert i namna Útvarp Føroya og Sjónvarp Føroya. Andre slike gloser som blir termar i offentlig språkbruk og administrasjon, vil nok òg lettare gli inn i allmennspråket, særlig når det er tale om *nye institusjonar* og *nye administrative ordningar*. Ordet *helikoptari* var godt innarbeidd, men når *tyrla* i dag vinn fram, kan det kanskje komme av – i tillegg til at det er eit kort og målande ord – at ei bestemt helikopterrute er blitt viktig i den innalandske kommunikasjonen mellom øyane, og den ruta går sjølv sagt under namnet *tyrlan*.

Den andre typen ord er det forståelig nok vanskeligare å vinne fram med, for dei etablerte talemålsorda blir jo gjerne opplevd som uttrykksfulle etter å ha vore i bruk i lang tid. Men her òg skjer det ei viss endring i språkbruken, for presset frå radio, aviser, lærebøker og lærarar verkar med tida inn. Derfor er f.eks. adjektivet *ferdigur* nå på veg ut or talemålet til fordel for det heilfærøyske *liðugur*. Ungdommen i dag seier òg helst *skilja*, *skeivur*, *vanligur*, *ymiskt*, *broyta* og *mynd* der dei tilkomne meir brukar *forstanda*, *alminniligur*, *forskelligt*, *forandra* og *bílæt*. Det nye ordet *filur* er blitt det vanlige ordet hos barn i dag, for dét har dei hørt og sett i

barnebøkene; vaksne brukar ennå helst *elefantur*. Men eit vanlig mønster er at det nylaga ordet blir først skriftord, og det tradisjonelle importordet lever vidare i talemålet. Derfor får språksamfunnet eit preg av diglossi.

## 7. Opposisjonen

Oppslutninga om den færøyske språkrensingspolitikken er slett ikkje allmenn. Det er ofte avisdiskusjonar, og særlig blir det klaga på herminga etter islandsk. Lektor i færøysk ved Københavns Universitet, Jógvan Isaksen (f. 1950), har smetta denne kritikken inn i ei av sine skjønnlitterære bøker (*Blíð er summarnátt á Føroyalandi*, s. 139) – og han lèt ein allusjon til ei færøysk segn vere utgangspunktet:

”Nå for tida er det ikkje nødvendig for noen å få troll til å flytte Færøyane til Island, vi gjør det sjølve. Vi lukar bort det danske og set ned islandsk i staden. Om noen tiår er vi kanskje komne i himmelriket og er blitt til islendingar. Daneveldet makta ikkje å gjøre oss til danskar, ikkje etter fleire hundreår eingong; nå prøver vi å gjøre oss til islendingar på bare hundre år.”<sup>1</sup>

Det har i dag komme fram færøyske språkvetarar òg med avvikande syn, som f.eks. Hjalmar Petersen (f. 1962) og Johnny Thomsen (f. 1941). Petersen tar i ein artikkel i tidsskriftet *Málting* egentlig opp ein tråd frå den tidlige Jakob Jakobsen når han meiner at ein bør skilje mellom ulike typar importord og godta ein del av dei, dvs. å rekne déi som færøyske ord som er innarbeidde i talemålet overalt, og som ein må vere fagmann for å oppdage er importord. Slike ord er f.eks. *mangla* og *smartur*. Av utsjånaden kunne dei godt vere arveord. Derimot kan ein behandle annleis ord som *beteinkiligheit*, *bekvemmiligheit* og *hopleysheit*. Hjalmar Petersen kritiserer altså den færøyske purismen (Petersen 1995). Han tar utgangspunkt i ei overskrift som inneheldt orda *tøkniligir atstøðingar*. Det første ordet, *tøkniligur*, svarar til talemålsordet *tekniskur*, og det er eit avløyсарord som har vore ein del i bruk i skrift, og er på den måten kjent.

---

<sup>1</sup> ”Nú á døgum hevur eingin fyri neyðini at fáa risar at flyta Føroyar til Íslands, vit gera tað sjálvi. Vit lúka í tí danska og seta íslenskt í staðin. Um nøkur áratíggjur eru vit kanska komin í himmiríki og eru vorðin íslendingar. Danaveldið megnaði ikki at gera okkum til danskarar, sjálvt ikki eftir fleiri øldum, nú royna vit at gerast íslendingar eftir bert hundrað árum.”



Men det andre ordet, *atstøðingar*, hadde færøyingen Hjalmar Petersen problem med å forstå. Det var eit nyord som skulle erstatte *assistentar*. Når ein først forstår kva det skal bety, kan ein òg forstå logikken bak ordlaginginga. Men det er ikkje opplagt i utgangspunktet. Nå er for så vidt ikkje dét noe særstyn med nye termar, dei treng ikkje vere 100 % sjølvforklarande. Det viktige i denne samanhengen er at ein god del språkbrukarar reagerer imot at det er så *mange* slike ord som skal komme i staden for ord som er innarbeidde for lang tid sia i språket, som altså *assistentar* i dette tilfellet. Artikkelforfattaren nemner fleire eksempel, f.eks. *ógegniligur* for *inhabilur* og *ljóðtak* for *mikrofon*.

Så lenge det ikkje er noe nytt innhald i orda, undrar mange språkbrukarar seg over korfor dei da ikkje kan få halde seg til dei orda dei er vane med, og som er alt fylt med assosiasjonar og konnotasjonar. Det er i slike tilfelle at det blir ei plagsam motsetning mellom det som er det faktiske morsmålet, og det som er rekna som god og korrekt færøysk. Driv ein dette for langt, blir skriftmålet ei for trong trøye – som somme har kalla det – og ikkje ei forløyising. Få ser noe gale i at nylaga færøyske ord får feste seg i talemålet, men folk følgjer ikkje opp alle dei puristiske framlegga i talemålet sitt slik at det blir stor avstand mellom skrift og tale. Mange reagerer imot den strenge purismen fordi dei reknar kostnaden med ein slik avstand som større enn vinninga med “reine” ord. For dei fleste er det ikkje tale om prinsipiell purisme, men om å praktisere ein eller annan grad av purisme.

Ulla Clausén har gjennomført ei lita undersøking av kor godt færøyingane forstår ord som er tatt i bruk i lærebøker, aviser og radio. Ein del av resultata er nedslåande, for endatil orda *evnafrøði* for ‘kjemi’ og *bókmentir* for ‘litteratur’ er vanskelige å forstå for mange, jamvel om dei er vanlige i skriftmålet. Radioen har gått over frå *tjóðveldi* til *lýðveldi* i betydinga ‘republikk’, men det var bare 1 av 5 hamnearbeidarar som forstod det nye ordet, og ingen skoleelevar i alderen 15–20 år, osv. (Clausén 1978: 38–39). Nå 25 år etter granskinga åt Clausén kan situasjonen rettnok vere ein annan.

Da det blei laga ei lærebok i fysikk i 1969, ei bok som heiter *Alisfrøði* (jf. s. 93), blei fagtermane så konsekvent omsette til “rein” færøysk at

forfattere saman med Jóhannes av Skarði gav ut ei ordliste på vel hundre sider (Joensen & Skarði 1970) til boka for å lette lesinga.

Hjalmar Petersen avsluttar den artikkelen som er referert ovafor, litt polemisk med at eit fremmendord jo egentlig er eit ord ein ikkje forstår. Og da blir mange færøyske ord fremmendord. Altfor mange slike gjør ikkje folk trygge på at dei meistrar sitt eige morsmål.

*Donsk-føroysk orðabók* (Petersen & Staksberg 1995), som formelt var ei nytgåve av boka frå 1967 av Jóhannes av Skarði, representerer eit klårt brott med tradisjonen. Her er ikkje idealet først og fremst å gi “reine” færøyske ord som tilsvar til dei danske. Her tar ein omsyn til kva som i praksis er brukande ord i levande færøysk, og Petersen uttrykker det slik i eit foredrag/artikkel (1997: 121):

“Han/hun skal lave en ordbog, der er i overensstemmelse med den aktuelle sproglige situation. Derfor bliver han/hun nødt til at tage en del lånord med. Enhver form for kommunikation ville desuden være umulig, hvis disse ord blev rensset ud af sproget. Ordbøger må derfor indeholde ord af slagsen *spitare, mikrofon, sex, pedalur, moralur, etikkur ...*”

Prinsippet for denne ordboka er altså at ein skal ta utgangspunkt i det språket som faktisk blir brukt. Dermed kjem her inn 44 *be*-ord (f.eks. *begávaður, begrunda*), 364 *for*-ord (f.eks. *fortapilsí*), 143 på *-heit* (f.eks. *neyvheit*) og 190 på *-ilsí* (f.eks. *dannilsí*) (Simonsen 2002.)

Bak det danske oppslagsordet kjem i denne ordboka først dei vanlige tilsvara i færøysk kvardagsspråk, dei meir sjeldne synonyma kjem lenger bak, og ord som ikkje kan reknas til levande mål lenger, kjem ikkje med. Det vil seie at f.eks. *leggja ástarhug á* nå er utelatt under det danske oppslagsordet *forelske sig i*. Første færøyske tilsvaret er i denne utgåva *forelska seg í*. Etterpå kjem *fáa hug á* osv. (Hansen & Jacobsen 1995.)

Denne ordboka opnar for ein heilt ny språkpolitikk, og det kom dei første månadane etter utgivinga mange og sterke reaksjonar imot i avisene, både saklige og usaklige. Sjølv om denne boka òg held ute ein del danismar, er dei godtatte orda så mange at somme synes det representerer ein oppgivingpolitikk. Det er eit sterkt brott med tidligare verdiar i den færøyske språkpolitikken.

Fróðskaparfelag Føroya (dvs. det færøyske vitskapselskapet) var forlaget for både første og andre dansk-færøyske ordboka, og det har måtta tole hard kritikk. Nestformannen, Euðun Andreassen, understrekar i avisa *Sosialurin* (6.1.96) at eine målet med ordboka var å gi språkbrukarane fleire språklige alternativ. Det er ikkje meininga å stoppe nyordlaginga i færøysk, men ettersom ein mye større del av folket i dag brukar skriftmålet og på stadige fleire samfunnsområde, nyttar det ikkje å vere like puristisk som for noen generasjonar sia. Språkbrukarane må få val, og dei må kunne bruke kvardagsorda dei kjenner. I eit forord frå forlaget blir det vist til at “I nåtidssamfunnet har folket ein demokratisk rett til å vere med i språkpolitiske avgjerder, og desse vilkåra må også avspeglas i ordbøker som er meint som bruksbøker for allmenta.”<sup>1</sup>

Den saklige essensen i striden kring denne boka ligg i den stadige innebygde motsetninga i purismen: I arbeidet for å gi folket sjølvtru og sterk identitet kan ein komme til å reinse ut det som er folkelig, og på den måten svekke sjølvkjensla i folket. Dei to partane i denne språkstriden har nok eit felles politisk mål i å arbeide for den folkelige sjølvkjensla. Men dei språklige symbolverdiane kan tolkas ulikt, og dermed inneheld dei lett ei motsetning. Kritkarane til for streng purisme fryktar for at ein for ivrig purisme også kan skape ein elitekultur. Gjer han det, tener han ikkje demokratiet lenger. Derfor er språkrøkta ein så vanskeleg balansegang. Ho har eit janusansikt.

## 8. Situasjonen i moderne tale og skrift

### *Talemålet*

Det færøyske talemålet er nokså oppblanda med importord, som dei fleste andre språk er det. I talen lever arveord og importord saman i “skjønn foreining”. Dei språkbrukarane som ikkje er språkvetarar eller ideologisk opptatt av språkrensing, reflekterer knapt noe over det. William B. Lockwood (1950: 106) har sagt at alle ord som fins i dansk, også kan

---

<sup>1</sup> ”Í nútíðarsamfelagnum hevur fólk ið ein demokratiskan rætt til at vera við í málpolitiskum avgerðum, og hesi viðurskifti eiga eisini at endurspeglast í orðabókum, ið ætlaðar eru sum brúksbøkur hjá almenninginum.”

brukas i færøysk. Det har han delvis rett i, men det er ikkje heilt sant dersom ein skulle komme til å oppfatte det slik at desse orda er levande i færøysk normalstil. Danske ord vil ofte fungere som sitatord, slik som vi òg kjenner det frå norsk, dvs. at dei skal gi tilhørarane visse tilleggsassosiasjonar, f.eks. ein ironisk tone. Men grensa mellom sitat-ord og normalord kan vere vanskelig å fastslå.

Eg kan illustrere situasjonen i færøysk talemål i året 1995. Ein haustdag eg lytta på eit samtaleprogram i Útvarp Føroya, noterte eg på vel 10 minutt lista nedafor over importord. (Orda som òg står i *Føroysk orðabók*, men med *talað mál* som merknad, er ført opp med <sup>T</sup> bak. Dei orda som er fullt godkjent i denne ordboka, står med <sup>+</sup> bak. Og orda med bare kursiv står altså ikkje i *Føroysk orðabók*. Dei tilsvarande “reine” færøyske orda er skrivne til i parentes bak.)

*útdannilisisforløp* (útbúgvingartilgongd)

*fjernsýn* (jf. sjónvarp)

*spesiell* orsök (serlig)

*fengslið* (fongslið)

*beskeftiga seg við* (fáast við)

Tað eru so nógv *forhold*, sum spæla inn (umstøður)

*snakka<sup>T</sup>* (tosa)

*Man<sup>T</sup>* hevur tað *ganska forferdilig* (heilt ræðuligt)

Eg *fyristilli* mær at ... (hugsi/ímyndi)

Tey kundu komið til *eitt ella annað arrangement* (jf. onkra skipan)

*termostatarnir* (hitastillararnir)

*økonomiavdeilingin* (búskapardeildin)

*konsernrøknaskapur* (virkissamtøku-)

á sama *máta<sup>+</sup>* (hátt)

*pruduktir* (vørur/úrdráttir)

Tað eru stýrandi *einheitir*, sum *regulera frekvensin*. (eindir, stilla tíddina)

Vit skulu *innrapportera* til stýrið, og tað *inniber* meira *kontakt* við teimum. (geva frágreiðing, hevur við sær, samband)

Viss tú *tonkti<sup>+</sup>* uppá *økonomarnar*, ... (Um, hugsaði, búskaparfrøðingarnar)

*Handilsmenn<sup>+</sup>*, sum *tjena<sup>+</sup>* meira *pengar<sup>+</sup>* (keypmenn)

Tað er bara munur á *mátanum<sup>+</sup>*, sum *man<sup>T</sup>* *arbeiðir<sup>+</sup>* uppá (manna-

gongdini/háttinum, ein)

Tað er *fornufligt* at gera tað uppá tann hátt, at ... (skilagott)

(*Pengar* og verbet *arbeiða* har neppe noen alternativ. *Tjena* og *tæna* har ulike betydningar. *Handilsmaður* og *keypmaður* kan reknast som heilt likeverdige alternativ, mens mange nok ikkje vil rekne *máti* og *teinkja/tonkti* som fullgode.)

Den som blei intervjuet denne dagen, var nok ein nokså vanlig språkbrukar.

Språkstrukturelt er hovudretninga den at importorda føyer seg etter færøysk grammatikk, også fonologisk. (Men det kan nemnas at færøysk har måtta godta to nye vokalfonem i importord, nemlig lang *a* og lang *y*, f.eks. i *data* og *typa*. Desse to lydane fins ikkje i arveord, for dei norrøne vokalane som tilsvarte dei, har tatt andre retningar i lydutviklinga.)

### *Skriftmålet*

Situasjonen i dag er at mange av dei moderne internasjonale lånorda i praksis er akseptert i færøysk skriftmål. *Konsern* – som er nemnt ovafor – bryr få seg med å finne avløyserord for. *Politikkur* og *telefon* er i praksis godtatt, noen konkurrent har dei neppe i dag. Det er dei orda som ein ser er felles med dansk og tysk, som det har vore sterkast restriksjon mot i skriftmålet. For ikkje lenge sia var det ein som protesterte i ei avis mot at det innarbeidde ordet *súgvirør* ‘sugerør’ blei bytt ut med *súgvipípa*. Han såg bare éin grunn: Det tradisjonelle ordet likna for mye på det danske. (Men det fins også mange slike ord som er godkjent, f.eks. det tyske *arbeiða*.)

Språkrensingspolitikken gjer at det generelt er stor avstand mellom skrift og tale. Somme ord som er vanlige og stilistisk nøytrale i talen, kan knapt brukas i vørdelig skriftmål. Ord som *avís*, *forstanda*, *forklára*, *behøva*, *begynna* er heilt vanlige i talen, men bare sjeldan ser ein dei i skrift. Det same gjeld pronomenet *man* og konjunksjonen *viss*. Stilnormene er dermed ulike for skrift og tale. Det kan illustreras slik:

Felles for skrift og tale:

*byrja*<sup>+</sup>

*skilja*<sup>+</sup>

*greiða frá*<sup>+</sup>

*nýta*<sup>+</sup>

Bare talemålet:

*begynna*<sup>T</sup>

*forstanda*<sup>T</sup>

*forklára*

*behøva*<sup>T</sup>

(Avmerkingane er som i lista ovafor.)

Realiteten er egentlig enda meir komplisert, for ein har a) ord (mest nylagingar) som bare fins i skrift, og som kan brukas i tale i visse samanhengar eller betydningar, som f.eks. *atgongumerki* ('inngangsbillett'), b) noen ord som er på veg til å bli normal talestil, det gjeld f.eks. *ferðaseðil* 'reisebillett', som ikkje lenger verkar avstikkande sjølv om det blir brukt i avslappa tale (jf. Thomsen 1993: 618), og c) kvardagsord, f.eks. *billett*. Dette ordet blir brukt for begge desse "reine" færøyske orda *atgongumerki* og *ferðaseðil*. På hi sida er eit lånord som *matematikk* vanlig i skrift, mange førøyingar vil stusse på det færøyske avløysarordet *støddfrøði*. Ordet *republik* er òg akseptabelt i skrift, men der blir det oftast bytt ut med det færøyske synonymet *tjóðveldi*. I den seinare tida har ein prøvd å innarbeide eit nyare ord i denne betydninga: *lýðveldi*.

Det er klart at det her ligg mange leksikalske fallgruver for ein utlending som ønskjer å meistre stillaga i språksamfunnet. Vi kan framstille modellen åt Thomsen (1993) slik det er vist i tabellen nedafor:

Litterært	<i>atgongumerki</i>		<i>støddfrøði</i>	<i>lýðveldi</i>
Nøytralt i skrift		<i>ferðaseðil</i>		<i>tjóðveldi</i>
Felles for skrift og tale			<i>matematikk</i>	<i>republikk</i>
Bare talemål	<i>billett</i>	<i>billett</i>		

(I *Føroysk orðabók* står *billett*, men ikkje *matematikk* og *republikk*.)

Ein forstår av dette at puristiske ordbøker kan skape problem, for ikkje alt i dei er gangbart i det praktiske livet. Ein utlending må vere svært varsam, for han kan komme til å satse på ord som førøyingane ikkje kjenner fordi orda har aldri komme lenger enn til å vere framlegg. Dei er ikkje i faktisk bruk. Andre ord kan vere i bruk i skriftspråket, men ikkje i

talemålet. Og heller ikkje ein utlending ønskjer å snakke som ei bok, så det er komplisert å orientere seg.

Dette problemet møtte Johnny Thomsen da han utarbeidde ei russisk-færøysk ordbok og ønskte å ta med stilistiske opplysingar, dvs. *kva* for noen omsette færøyske ord som var i bruk i talen, *kva* som bare var *skriftmålsord*, og *kva* som var nøytrale ord (Thomsen 1993). Han stilte opp seks stillag, og ikkje fire som ovafor. Redaksjonsprinsippa hans var omstridde, og ordboka blei ikkje gitt ut – visstnok av språkpolitiske grunnar.

Språkholdningane er ikkje homogene blant færøyingane. Somme er aktive puristar i både tale og skrift. Og så har vi skalaen heilt over til dei som vil “modernisere” færøysken, som dei uttrykker det, og som ser bare fordelar i ordimporten. Men ikkje nok med at holdningane spriker, ein skal òg merke seg at dei ulike holdningane kjem fram i det offentlige ordskiftet. Framståande kulturfolk kan vere ueinige i den offisielle språkpolitikken på Færøyane som i Noreg.

Framstillinga ovafor understrekar motsetningane. I faktisk skriven færøysk – særlig i aviser – kan vi finne tekstar med ulike “reinsingsgradar”, frå dei gjennomarbeidde utan særlig fleire importord enn dei vi òg kan finne i islandsk, til dei som nesten vitnar om ein demonstrasjon mot purismen. Det gjør at det kan vere ein viss avstand mellom offisiell god skriven færøysk og det språket som blir brukt – i alle fall privat eller i lesarinnlegg i avisene. Sjølv i det redaksjonelle stoffet i avisene ymsar det ein del.

### *Den språkpolitiske situasjonen*

Undervisningsinstansane formidlar mye av den praktiske målrøkta, dei lærer opp studentane i *kva* som er god færøysk, og det færøyske språkidealet blir forplanta vidare ut i skoleverket. Ein annan svært viktig instans er radio og fjernsyn, som legg seg etter same idealet om god færøysk, først og fremst i nyheitssendingane. Kyrkja har vore heilfærøysk ei tid, og ho held seg til ein “rein stil”. Det offentlege apparatet prøver også å følgje idealet. Alt dette gjør at språknormidealet når ut til folk, og det blir velkjent at det er der, også for dei som sjølve ikkje meistrar å følgje det.

Det har aldri vore full oppslutning om den politiske lausrivingslinja på Færøyane. Denne politiske kløyvinga hadde lenge ein parallell på det språklige området. I alle fall har det vore sjølvstendemennene som sterkast har kjempa fram rettane åt det færøyske språket, dei har brukt det mest prinsippfast, og dei har også vore dei ivrigaste for ei puristisk linje – for nettopp å markere det sær færøyske i opposisjon til det danske. Språkpolitikken kunne dermed brukas som ei markering av sjølvstendeviljen. Men siste tiåra er nok denne motsetninga blitt mye utjamna.

Vi kan bruke språket i avisene til å illustrere dette. Den største avisa, *Dimmalætting*, er ei konservativ avis, og ho støttar Sambandspartiet, som går inn for den politiske underordninga under Danmark. Avisa var redigert på dansk fram til slutten av 1970-talet, da kursen blei lagt om. No er artiklar på dansk blitt unntaket, og færøysken er nokså "traust". Republikanarpartiet, eller *Tjóðveldisflokkurin* som det heiter på færøysk, er det partiet som sterkast markerer lausrivingslinja. Avisa åt dette partiet, *14. september*, som nå er gått inn, brukte bare færøysk, og ein mest mulig "rein" færøysk. Meir i sentrum finn vi arbeidarpartiavisa *Sosialurin* (som ikkje er for lausriving) og andre partiaviser. Dei har brukt og bruker òg bare færøysk, men færøysken i *Sosialurin* er mindre merkt av purisme. Frå 2001 har vekeavisa *Fregnir* komme ut som blad for sjølvstendefolka (som omfattar fleire parti enn *Tjóðveldisflokkurin*), og det held i stor grad på den språklige linja frå *14. september*. Men trass i desse tendensane skiftar preget i desse avisene mest etter journalistane som skriv.

Færøysk skriftspråk har opplagt fått ein mye sterkare posisjon i samfunnet den siste generasjonen. For eksempel er situasjonen tydelig endra sia eg trykte ein oversiktsartikkel om færøysk i 1974 (Sandøy 1974). Bruksområdet er blitt større, og færøysk språk er blitt sjølvstende, også for dei konservative sambandsmennene. Dette er ein ny språkpolitisk situasjon, og korleis det kan verke inn på språkklimaet heretter, kan bli spennande å sjå.

## 9. Framtidsutsikter

Den språklige delen av den færøyske nasjonale reisinga har hatt som mål å redusere elitekulturen og å skape kulturelt sjølvstende og sterkare



demokrati. Symbolverdien har derfor vore stor. Språkstriden og kulturstriden har såleis ein sosial funksjon, og morsmålet har trulig forløyst kulturelle krefter hos dei som ikkje lenger treng å kjenne seg småe. Purismen har vore ein del av denne striden. At opposisjonen blir retta mest mot dansk, er forståelig når det viktige sjølvstendespørsmålet gjeld forholdet til Danmark.

Utafor Færøyane er det ofte forundring over at eit så lite land kan stå fram med eige språk og eigen nasjonal kulturidentitet. Stor økonomisk framgang er nok ein føresetnad, samtidig som ein faktisk ikkje kan sjå bort frå at den nasjonale identiteten og samkjensla òg er eitt av grunnlaga for økonomisk pågangsmot. Slik kan det vere ein vekselverknad.

Kampen for “det nasjonale tilværet” skaper stor sjølvrefleksjon og stor allmenn vilje til å markere seg. Her ligg dei viktigaste føresetnadane for språkpurismen på Færøyane. Færøysk språk har styrkt seg i samfunnet, og velviljen er så stor at nyord sig inn i dagligspråket. På slutten av 1990-talet blei striden om meir lausriving frå Danmark intens igjen, og alt tyder på at dette blir det heite spørsmålet i ein del år framover, så sant Færøyane får halde på ein god økonomi. Dermed vil språk og kulturspørsmål også engasjere folket vidare framover.

Bli det tale om full lausriving, kjem det nok ei tid etterpå at nasjonen treng kulturelle symbol like mye som før. Historia i andre land, som f.eks. Noreg og Island har vist det. Vi kan få sjå at Færøyane vil halde fram med å vise språklig sjølvstendevilje. Det treng sjølv sagt ikkje gå like langt språklig som på Island, grunnlaget er neppe slik. For dei kulturelle symbola er heller ikkje kvantiteten det viktige; det er meir sjølv oppmerksamheita som betyr noe for kjensla av samhørsle, identitet og å ha eit sjølvstendig språk.

Nøkternt sett har færøysken råd til å gjøre språklige kompromiss med folkelige danismar utan å miste særpreget sitt. Ein kunne tenkt seg at den danske trugselen tar så mye oppmerksamheit i det færøyske språksamfunnet at ein ikkje oppdagar klårt nok den “globale” faren, altså frå engelsk språk. Men det er ingen teikn til det her meir enn i dei andre nordiske landa. Den språklige refleksjonen representerer nok ein beredskap den vegen òg.



Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet. Nr. 15

---

Helge Sandøy, Randi Brodersen og Endre Brunstad (red.)

# Purt og reint

Om purisme i dei nordiske språka



HØGSKULEN I VOLDA

Volda 2003

Ansvarleg utgjevar:	Høgskulen i Volda
Sats:	Helge Sandøy, Ivar Aasen-instituttet
Omslagsillustrasjon:	Kristian Fuglseth
Trykk:	Egset Trykk A/S, 2005
ISBN:	82-7661-178-8
ISSN:	0807-6243
2. opplag:	100
Distribusjon:	Høgskulen i Volda, Ivar Aasen-instituttet, Postboks 500, 6101 Volda Tlf. 70 07 50 16, e-post: <a href="mailto:ror@hivolda.no">ror@hivolda.no</a>

# Innhold

Føreord .....	5
1. Endre Brunstad: <i>Det reine språket</i> .....	7
2. Helge Sandøy: <i>Språkomgrepet, språkholdningar og purismen</i> .	19
3. Endre Brunstad: <i>Purismeomgrepet gjennom to tusen år</i> .....	37
4. Svavar Sigmundsson: <i>Purisme og nation på Island</i> .....	65
5. Helge Sandøy: <i>Purisme i færøysk</i> .....	85
6. Randi Brodersen: <i>Purismen i Danmark – en success?</i> .....	111
7. Endre Brunstad: <i>Mellom rasjonalitet og patriotisme. Om svensk purisme</i> .....	147
8. Trond Trosterud: <i>Språkdaude, purisme og språkleg revitalisering</i> .....	181
Litteratur .....	217

